

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 4 2017

Gjørdalen - Lom - Garmo

76. årgang



Hamar biskops juleandakt

Ledestjernen

Det er ikke mange ting som er vakkere enn en klar stjernehimmel. Alle de millioner med stjerner som blinker mot oss i all sin skjønnhet, og jager mørket bort. Det åpner for å drømme; til å henvende oss til det store og mektige, til kosmos og det ukjente. Gjennom tusenvis av år har mennesker stirret opp på den samme himmelen, og stilt det samme klassiske og grunnleggende spørsmålet; hva betyr egentlig alt? Hvor kommer jeg fra? Hva er min plass her på denne lille kloden vår?

Mon tro om de vise menn undret seg over disse spørsmålene når de fulgte den stjernen som skinte sterkest julen for 2000 år siden. Legenden om Kaspar, Melchior og Balthazar forteller at de var lærde mennesker, med stor kunnskap om både astrologi og gamle tekster. Men dette var tydeligvis ikke nok; for håpet var at stjernen kunne lede frem til svar på det mer grunnleggende spørsmålet; «hvem og hva er jeg?»

Det de møtte under stjernen var barnet. Dette lille vakre menneskebarnet, omsvøpt av sine kjærlige foreldre. Og i barnet fant de sin iboende verdighet som mennesker. Stallen var alt full av folk på leit etter det samme; nemlig å finne det blikket som ser på dem med nåde – som gir dem styrke til å se sin egen verdi og mening. Møtet med barnet gav en endret tankegang; at det ikke er det store og mektige som betyr noe, ei heller rikdom og materiell, men at det er kjærligheten, nåden og håpet vi virkelig trenger i våre liv.



Og barnet vokste opp og ble selv en ledestjerne. En stjerne som blinker, som lyser i mørket og bringer håp. Som åpner for å kunne drømme og henvende oss til det store og mektige. Til kosmos, og til den kjente og ukjente Gud som er så mye mer enn det vi ofte tenker. Som gir oss mulighet til å virkelig kunne se på oss selv og vår neste med nåde.

Det må jo være et godt julebudskap å ha med seg.

God og velsignet julehøytid!

Biskop Solveig Fiske

LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
3. etasje på Midtgard mandag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius, tlf. 481 65 529
Prestegarden: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelvén, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR OG
TRUSOPPLÆRAR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekretær@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
Bankkontonr.: 2085.07.11772

KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
bankkontonr: 2085.07.11772


Bladpengar pr år:
Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,-
Utanlands: 250,-

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug & Guri Husom
TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Framsidebilete: Ola Ø. Rossehaug



Presten sine tankar

Då eg for mange år sidan vart spurt om å vera statssekretær i regjeringa, var det ei utfordring eg ikkje kunna seie nei til. Det var interessant, utfordrande og lærerikt. Men det gav samstundes tid til ettertanke. For politikk handlar dverre mykje om makt og posisjonar.

Det å vera politikar i dag har vorte meir som eit yrke – enn det å vera ombodsmenn for oss veljarar. Dessutan må ein ha mykje tolmod for å vera politikar, for dei fleste sakene tek år og dag før ein kjem til noko avgjerd. Eg tykkjer det er eit demokratisk problem,

at mange

politikarar i dag lir av vegring for å ta ei avgjerd.

Eg kom til å tenkje på dette, når vi no snart kan innvie det nye kyrkjelydshuset i Lom. Her har politikarane mykje å lære! For kva har skjedd? Jau, for to år sidan starta ideen og planlegginga av nytt kyrkjelydshus, ein har målbevisst arbeidd med ideen overfor myndigheter og lokalsamfunn – og med sterk innsats er no bygget så å seie ferdig. Det er for å seie det kort og konsist: Det er imponerande! Politikarar av ymse slag har noko å læra av kyrkja her! Når ideen er sådd, so gjeld det å arbeide beinhardt for å få realisert prosjektet. Er det noko ein ynskjer – jau, så kan ein få det til med hardt arbeid og pågangsmot.

Eg har dei siste tri åra mang ein gong teke til orde for at ein bør gjera noko med heile Loar-området i nærleiken av Lom stavkyrkje. Eg har teke til orde for at ein kan lage eit moderne og vakkert stavkyrkjesenter i det gamle Steinfjoset, eg har peikt på at Loar-bygget som i dag inneheld mellom anna biblioteket, bør verte eit diktarhus og senter for våre lokale forfattarar. Dessutan meiner eg at den gamle Drengestugu kan gjerast om til eit informasjons- og utsalsenter, kor lokale produkt kan seljast og kor turistane kan få hjelp og rettleiing.

Dette er planar som det er mogleg å få realisert – men som politikarane vegrar seg for å gjera noko med. Det skal setjast ned utval, ein skal vurdere og filosofere, og gjerne ta nokre omkampar – og vips – so har

det eine året etter det andre vorte borte – og planane ligg der. Lær av kyrkja! Få fortgang i planar og realiser draumane!

Det stundar mot jul. Tenk om politikarane i Lom kunne ha gjeve oss ei slik framifrå julegåve: Ein plan for Loar-området som ein forpliktar seg til å gjennomføra innan to år!

...politikarar av ymse slag har noko å læra av kyrkja her!

No har eg gjeve uttrykk for mitt juleynskje. Eg vonar at du og kan gjeve uttrykk for kva du ynskjer både i livet ditt og for framtida. Det er viktig at vi held vona og trua oppe – og eit ynskje om ei betre verd for både små og store. Vi har mykje å takka for og mykje å vera glad for i landet vårt. Og vi treng kvarandre for å skape gode lokalsamfunn. Og vi må vera stolte over at vi bur i eit land der demokrati, ytringsfridom og diskusjon er viktig. Vi treng å møtast for å diskutera korleis du og eg ynskjer at lokalsamfunnet vårt skal vera.

Openheit er viktig. Men då må vi legge bort bygdedyret og janteloven. Vi må respektera og tolerera kvarandre og ikkje bruke nett-troll og andre troll til å skape ufred og lygn.

Julehøgtida handlar om fred og von. At du og eg er elsa slik vi er, at vi treng kvarandre og at vår Skapar har kome til vår jord for å gje oss livsmot og oppmuntring.

God julehøgtid!

Bjørn

Juletrefest 4. juledag

Lom kyrkjelege råd ynskjer velkommen til juletrefest på Bøverdalen Samfunnshus torsdag 28. desember kl. 19:30.



Dette er ein fest for alle i bygda, og «uttabygdes» er sjølvsagt og hjarteleg velkomne!
Programinnslag. Loddosal og servering.
Gonge kring juletreet .

Inngang kr. 50,-. Alle under 15 år går gratis.

Jul og nyttår i Lom kyrkjekommune:

I julehøgtida er det messer i alle tre kyrkjene i Lom kommune.

På Lom helseheim vert det julafastsandakt kl. 11:00. Deretter er det familiegudsteneste i Lom kyrkje kl. 15:00.

Fyrste juledag vert det messe i Bøverdal kyrkje kl. 11:00 og i Garmo kyrkje kl. 14:00.

Alle desse messene er ved prostiprest Chyntia Slomp Renaa.

Den siste kvelden dette året vert det midnattsmesse i Lom kyrkje kl. 23:00. Det er soknepresten i Skjåk, Kåre Gloslie som har denne messa.

Julehelsing frå Lom Kyrkjelege Råd

Då nærmar det seg raskt jula att. Eitt år går fort og Lom kyrkjelege råd har igjen lagt bak seg ein del saker av større og mindre karakter, men alle av betydning for sokna i Lom kommune.

Eg vil trekke fram ei sak som har vore større enn dei fleste andre og som vil kunne bety mykje for det vidare kyrkjelege arbeidet vårt. Det nye kyrkjelydshuset som har reist seg dei siste månadene – litt tilbaketrekt bak Lomskyrkja. Huset nærmar seg fullføring, og 14. januar 2018 vert det nye huset offisielt teke i bruk. Biskopen vår kjem då og innvier det slik at det og kan nyttast til gudstenester når gradestokken viser utrivelige tal på minussida og det er uøkonomisk å fyre opp Lomskyrkja.

Lom Kyrkjelege Råd håpar på at dette nye huset kan vitalisere det kyrkjelege arbeidet i Lom og verta eit tenleg hus, både i samband med kyrkjelege handlingar med toalett og gode tilhøve for dåpsfolk, i samband med

konsertar og vigsel. Huset vil også tenleg for konfirmantarbeidet, barnekor, kyrkjekaffi, og andre arrangement. Det vil også kunne leigast av andre for til dømes mindre selskap, møte og anna som huset kan vere passande til. Det noverande Rådet er glade for å kunne fullføre dette arbeidet som det førre Rådet starta då dei selde «Gammelbanken» med tanke på å reise eit nytt hus som er meire tenleg og økonomisk i drift. Dette vert årets julegåve til kyrkjelyden i Lom og til alle i bygda!

Så vil eg også i år seie ein hjartans takk til både dei tilsette og alle friviljuge medarbeidarar som er med på å bære arbeidet i kyrkjelydane våre. Takk for et nytt tilbakelagt arbeidsår med ønske om ei velsigna advents og julehøgtid for alle!

*Beste helsing frå
Lom Kyrkjelege Råd v/Steinar Hov*



Lom blomefond 70år - starta av ein svenske!

Av Oddbjørg Blakar

Det har vore skrivi om starten av blomefondet i Kyrkjebladet før, men ettersom det no er rundt tal, kan det vera naturleg å markere det.

Starten er knytt til Jakob Øyen i Vårdalen. Han levde i Graffersøyen, var fødd i 1877 og gjekk bort i 1947. Kona hans var Ingeborg, fødd Kollen i Dovre. Ho var litt eldre enn Jokob, og dei gifta seg i 1897. Syster til Ingeborg, Kari, var gift med Carl Karlstedt, Løvås, Månsrud i Sverike. Carl hadde ikkje høve til å vera til stades i gravferda, men Kari og dottera var der. Dei var storleg forundra over at vi ikkje hadde blomsterfond eller visste om noko slikt. På kyrkjekontoret i Lom ligg eit utfyllande brev frå Carl Karlstedt med forklaring om korleis blomsterfond kan ordnast. Han sende og nokre kroner som startgrunnlag.

Blomefondet vart ordna gjennom Lom sokneråd. Den 9. september i 1949 vart det nedsett ei nemnd – Hans Ahlstrøm, Anton Nørjordet og Knut Flatmo - til å styra det. Lom koop handelslag tok imot betalingane, førté listene og leverte dei til dei pårørande ved gravferdene. Kva sum som var vanleg i starten, skulle ein gjerne visst, men har ikkje greidd å finna papir på det. Det vart understreka at det var friviljug. På butikkane i Garmo og Bøverdalen ordna dei og med blomefond, og kasserar i Lom sokn var økonomisk ansvarleg. Når Skjåk gartneri kom inn i bildet, er ikkje kjent, men "det har vore der så lenge eg kan hugse," seier Liv Agneberg.



1. rad: Embjørg Øyen (f. Kolden, gift med Olav), Kari Karlstedt (f. Øyen), Mari Graffer og Tora Gjelbakken (f. Øyen) **2. rad:** May Karlstedt (dotter til Kari og Carl), Signe Øyen (f. Soglo, gift med Jon Øyen), Astrid Sandviken (f. Øyen)

I dag er det framleis slik at folk møter opp til avtala tid, opplyst på førehand i kyrkjeblad og lokalaviser, og plantar fine og sterke planter som er komne frå Skjåk gartneri. Alle gravene får planter som ein tilsett frå kyrkja steller gjennom sumaren slik at kyrkjegarden alltid er svært velstelt. Gjennom 70år! Ein turist kom ein gong bort til meg og spurde kva dette var for aktivitet: det aula av folk som stod på kne ved støttene med reiskap og planter i hendene. Eg forklara, og han drog opp foto-apparatet. Dette var det flottaste han hadde sett, sa han.

Blomefondet var – og er – eit flott tiltak som har fått mange vel fortente lovord!

Økonomien i blomefondet

Det er skrive mykje interessant om blomefondet i dette bladet. Blomefondet er ei ordning som mange er glade for og som dei ynskjer skal halde fram. Men vi er avhengig av at det vert gjeve pengegåver for å fortsetje med ordninga slik ho fungerer no. For fleire år sidan vart dei tre blomefonda slegne saman til eitt. Da var det nesten ikkje att midlar på det eine fondet. I dag er økonomien heller ikkje så god. Utgiftene er dessverre langt høgare enn inntektene.

Vi er svært takksame for alle som tenkjer på blomefondet når dei skal gravleggje ein av sine kjære. Blomefondet er avhengig av desse pengegåvene for å halde fram slik det fungerer i dag.



Martin Luther og 1517

1500-talet var ei omveltingstid i det gamle Europa. Da Martin Luther var 9 år gammal, oppdaga Columbus Amerika. Han var 14 år da Vasco da Gama segla rundt Kapp det Gode Håp og fann sjøvegen til India. Det var strid mellom keisar og pave. Og strid om avlat og frelse frå skjærselen. Desse tilhøva førde til stor uro, og opprør. Særleg blant dei lågare sosiale laga voks uroa fram.

Dette er noko av bakgrunnen for Martin Luther og hans innsteg som religiøs opprørar i eit Europa på veg ut av mellomalderen. Den 31. oktober i år var det 500 år sidan munken og professoren Martin Luther la fram sine 95 tesar i Wittenberg i 1517. Om han spikra dei opp på kyrkjedøra sjølv eller ikkje, dette førde til det største åndelege jordskjelvet i nyare tid. Keisar Maximilian dør i januar 1517. Etter mykje strid vart Karl vald til keisar som Karl den femte i 1521.

Luther hadde gått i dekning. Han drog til borga Wartburg ved byen Eisenach 25 mil søraust for Wittenberg. Her budde han på eit kvistrom i fleire månader, og her sette han om Det nye testamentet til tysk. Seinare sette han om Det gamle testamentet. Denne omsetjinga av Skrifta, slik at folk kunne lesa og høre Guds ord på sitt eige språk, var ei opprørshandling mot pavekyrkja. Det å lesa og høre Skrifta lesen var grunnlaget for å tru, og berre ved å tru kunne ein bli frelst. Kvart menneske måtte få tilgang til Skrifta.



Noko seinare er han den einsame munken som står framfor den tysk-romerske keisaren under riksdagen i Wurms og nektar å ta attende sine kjetterske tankar. Han viser til Guds Ord, nå omsett frå latin til tysk, og til sitt eige samvit.

Bibeloversetjingar til morsmålet førde etter kvart til lærebøker i kristen tru, Luther sjølv skrev fleire slike. Og etter kvart lærde folk å lesa. Den nye boktrykkarkunsten gjorde dette lettare, og tankane vart spreidde rundt ikring.

I Noreg vart ikkje Reformasjonen ei folkerørsle, men vart innført som eit påbod i 1536 av danskekongen Christian 3. Det norske Riksrådet vart avskaffa, og Noreg var «eit» av Danmark. Likevel har Reformasjonen vore vesentleg for utvikling av det norske demokratiet, med m.a. utbygging av «Almueskolen», som i starten var eit kyrkjeleg tiltak.


Martin Luther var eit barn av si tid.

Han stod midt i omveltingane frå ei mellomaldertid i Europa med skjærseld, bot og straff, til ei ny og utvida verd med boktrykkarkunst, oppdaginger, nye handelsvegar, politisk og religiøs uro og nye økonomiske maktcentra. Sjølv var han ikkje utan feil og lyte. Han kunne ha sterke meiningar, som vi ikkje kan godta i dag. Men han omforma Europa og verda.

Julegåvetips:

Kyrkjekontoret i Lom sel to bøker:
«Bøverdal kyrkje 150 år 1864-2014» og
«Lom stavkirke» av Vera Henriksen og Anne-Mette Kolden.

Båe bøkene er utgjeve av Lom kyrkjelege råd, og kostar **kr. 150,- pr. stk.** no i adventstida.



No er det like før!

Sundag 14. januar kl. 11.00 kjem biskop Solveig Fiske til Lom for å innvie det nye, fine kyrkjelydshuset vårt! Velkomne skal de vera!



25 år på Sandom retreatsenter

I år har ekteparet Anne-Karin Apalseth og Steinar Hov vore «husfolk» på Sandom Retreatsenter i 25 år! Vi gratulerer med jubileet, og ynskjer at dei vil få mange gode år framover! Anne-Karin og Steinar er ofte å sjå i bygda, i Lom og Skjåk Brass, i Lomsklangen og der det skjer noko i kyrkja.

På biletet ser dykk dei 4 faste husfolka på Sandom. Frå venstre Anne-Karin, Steinar, Anna Magni Larsen og Astrid Breivold. Sistnemnde kjem frå Levanger, og er tilsett frå 1.september i år. Husfolket ynskjer lesarane velsigna advent, julehøgtid, og eit godt nytt år!





50-års konfirmantar



60-års konfirmantar



70-års konfirmantar

Konfirmantjubileet 2. og 3. sept. På Nordal turistsenter

Jubileet opna med at Sigmund Bråtet las diktet «Så lenge» av Rolv Vang frå Heidal. Deretter vart alle ynskt velkomne. Vi vart 28 konfirmantar om kvelden. Alle såg ut til å ha det triveleg og praten gjekk godt. Så las Sigmund eit brev frå Johan Slettom som er 60- års konfimant. Vi fekk rikeleg og god mat, mårr og poteter med tilbehør.

50-års konfirmantar:

1. rad: Gunn Kristin (Høiberg) Andreassen, Mari Oddrun Brandsar Knutsen, Oddrun Marit (Skjåk) Hovsengen, Tove (Marstein) Forberg , Eva Karin Bakke Kaldhussæter, Torild Enersvold, Sigrid Teigen.
2. rad: Norodd Bakkeberg, Jon Sjurgard, Kjell Krøkje, Magne Fjøsne, Erik Turtum, Arne Verner Hansen, Bjørn Arve Krøkje.

60-års konfirmantar:

1 rad: Anne Frøise Nilsen, Else Reidun (Torkveen) Solbakken, Anna Synnøve (Olsen Austin) Steinbakke, Eldbjørg Sigrun (Brenna) Storlien.
2. rad: Rolf Inge Nyøygard, Sigmund Bråtet. (Bjørn Mundhjeld var ikkje til stades ved fotografering)


70-års konfirmantar:

1. rad: Rønnaug (Marstein) Høst, Kjellaug (Moen) Slettom , Marit Sofie (Skjedsvoll) Kjenstad, Anne (Løkken) Garmo, Anna Maria (Kvålshagen) Larsen, Oddmund Fjeld, Sylfest Horten og Jon Kroken.

Sigmund las også «Kjøkkenbordet heime» av Klara Kvehaugen. Eit godt og tankevekkjande stykke. Det var fleire som tok ordet og delte minne frå konfirmasjonstida og ungdomstida. Songevna var ikkje så stor, men oss kom oss da gjennom nokre songar og heldt ut lenge utover kvelden.

Sundag samlast vi til messe i stavkyrkja og etterpå til fotografering og kaffi på Nordal.

Sigrun Storlien



STØRST AV ALT



5-åringane bakar nattverdsbrød

Laurdag morgen, 21. oktober, møtte ni 5-åringar opp på skulekjøkenet på ungdomsskulen med kjevle og bakelyst. Planen for dagen var å bake nattverdsbrød til messa dagen etter. Det vart mange fine og kreative bakverk. I tillegg baka ungane lomper saman med Terje, og eplekake saman med Bjørg. Etterpå vart det pølse med sjølvbaka lompe, saft, kaffe og eplekake. Triveleg at så mange kom! Takk til Bjørg Øyøygård og Terje Blakarstugun for hjelpa.



Konfirmant-tur til Trondheim

Å reise på helgetur til Trondheim har vorte ein god tradisjon og ein fin måte å bli betre kjente med våre nye konfirmantar. Laurdag morgen kl. 7:00, gjekk vi på bussen ved kyrkja. Litt i tidlegaste laget i fylge nokre av deltakarane.

Etter ein matstopp undervegs, kom vi fram i god tid før høgstdag. Vi vitja Vitensenteret før det vart ei runde i butikkane ved Trondheim torg. På eftatid same dagen var vi i den flotte Nidarosdomen der vi fekk oppleva at heile 9 ungar vart døypte. Berre ein av dei gav lyd frå seg, så det var ein roleg seremoni. Vi fekk omvising i domen etter messa.

Etterpå var det tid for å finne romma våre på Trondheim vandrermuseum. Frå der gjekk ferda vidare til Tyholttårnet og god middag på Egon. Vi reiste mette og tilfredse «heimatt» for å slappe av etter ein lang og hektisk dag.

Sundagen starta med frukost, før vi reiste til Vår Frue Kyrkje. Der fekk vi høre litt om den spesielle kyrkja, og litt om kven som brukar den. Seinare var vi med på ein liten konsert der, med musikk, gode ord og ljostenning.

Nok ein vellykka konfirmanttur med ein gjeng snille og trivelege ungdommar!

Tusen takk til Tor Olav som var med som forelder!



Fakta om Vår Frue – Åpen Kirke(henta fra nettstaden)

“Vår Frue - åpen kirke er et fantastisk møtested midt i hjertet av Trondheim. Drevet av Kirkens Bymisjon ved hjelp av over 200 frivillige, greier vi å holde kirka åpen hver dag hele året. Kirka er et unikt møtested med mer enn 170 000 besökende årlig – turister og studenter, unge og gamle, musikere, barnehager på tur, husløse, rike og fattige. Her tennes 50 000 lys hvert år.

Våre frivillige gjør en fantastisk innsats for å drive åpen kirke midt i hjertet av Trondheim, og bidrar til en atmosfære av inkludering, varme og mangfold. Vår Frue kirke er et sted for å møte andre mennesker, for å få et måltid, for å drikke en kopp kaffe, for å tenne lys, høre på musikk, for å være, for å søke ly. Her bygges broer mellom mennesker.

Vår visjon er å være omsorgskirke.”

Pass dykk for omnane!

Vi minner om at varmeomnane i kyrkjene er på. Med vinter og kulde ute set vi på elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme! Vi vil difor be bykk alle om å passe godt på, så det ikkje kjem klede eller sko inn på omnane.

Pynt og levande ljos:

Folk er flinke til å pynte på kyrkjegardane våre. Vi vil minne om at det ikkje er høve til å pynte med nokon form for levande ljos/flamme på kyrkjegardane. Vi minner og om at julepynt ved gravene lyt fjernast når høgtida er over.

JULESALME:

Frå høge himmel kjem eg ned

Engelen:

Frå høge himmel kjem eg ned,
ein fager bodskap ber eg med!
Så stor ei glede nyst bar til,
Om den eg gjerne syngja vil.

Eit lite barn er født på jord.
Ei utvald møy det har til mor.
Her ligg han no så fin, så kjær,
som dykker fryd og frelse er.

Det er Guds Son, vår Herre Krist,
som frir dykk or all trengsle visst.
Han byd deg no si frelsarhand
og løyser alle syndeband.

Ja, himmelsk sæle, frygd og fred
er gava han frå Gud har med.
Det ljós som fyller verdi vid,
skal verta vårt til evig tid.

Og her er teiknet de skal få:
ein stall, ei krubbe, klut og strå.
Der skal de finna barnet lagt
som styrer verdi med si makt.

Kyrkjelyden:

Så lat oss alle fegnast då,
med hyrdingari fylgje gå
og sjå det frelses-under stort
som Faderen for oss har gjort.

Du vere fagna, høge gjest!
Du kjem til den som treng deg mest.
I armod kom du ned til meg.
Eg aldri nok kan takka deg.

Kvi kom Guds eige skaparord
Så fattigslig til denne jord?
Du ansar ikkje stas og prakt,
du nærmar deg i tenardrakt.

For det var slik det hugast deg
å syna sanninga til meg-
at det som verda helst vil sjå
det står for deg som halm og strå.

Å Herre Jesus, hjartans kjær,
kom ta den seng eg byd deg her!
Ja, kvil deg no i hjarta mitt,
Så eg vert din og alt er ditt!

Gud vere takk for liv og fred!
Han sender oss sin Son her ned.
Ein lovsong gjennom rømdi går.
Guds englar helsar oss: Godt år!

Denne salmen skal Martin Luther ha dikta både tekst og melodi julekvelden, for å ha noko å underhalde borna i familien med medan mor Luther, Catharina vin Bora, var travelt oppteken med å stelle i stand til julefeiringa. Salmen er bygd opp som eit «drama» der engelen kjem med bod om at Frelsaren er fødd. I siste delen er det kyrkjelyden som gjev uttrykk for si glede over at denne glade englebodskapen har nådd dei.

Heim og ætt

Døpte:

Bøverdalen:

08.10. Ida Natalie Bruhaugen

Lom:

03.09. Nora Nørstnes

03.09. Olav Grytøy Lillehammer

22.10. Eljar Laingen Hamarvik

Garmo:

19.11. Jorunn Mo



Vigsel:

Lom:

02.09. Kristine Mathilde Formo og Thomas Stange Revetal

16.09. Guro Storlien og John Are Grjotheim

30.09. Tone Bråten Pedersen og Trond Vegard Furland Larsen
 Heimdal



Bøverdalen:

02.09. Turid Marie Sunde og Ole Nikko Holt Granli Skarnes

09.09. Margunn Gjerde og Bjørn Kjenstad Løten (Vigde i Elvesæter)

16.09. Grethe Fjeldberg og Ådne Kvehaugen (Vigde ved Høyvatnet)

Jordfesta:

Bøverdalen:

6.10. Laila Helga Slettom f. 1939



Garmo:

29.09. Jon Nils Moløkken f. 1944

Lom:

08.09. Ola J. Rusten f. 1926

21.09. Kjellaug Margrete Faaberg f. 1933

22.09. Anne Berget f. 1925

13.10. Torleif Kvehaugen f. 1952

27.10. Gunnar Kåre Vole f. 1946

Gjeling-Ljomen inviterer!

Tradisjonen tru blir det julekonsert i Garmo kyrkje.

I år blir det fredag 15. desember kl. 20:00.

Reidar Svare og Bjørn Kåre Odde deltek.

Signe Lyngved kjem og les ei julehistorie.

Dørene opnar kl. 19:00 Billetsal ved inngangen

Vaksne kr. 200,- Born kr. 100.-

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I
NORD-GUDBRANDSDAL:

VAKTNUMMER: 414 81 457

Kveld/natt: Kvartdagar kl 17:00 - 09:00
Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året. I neste kyrkjeblad vil de finna giro vedlagt for bladpengar. Ikkje gløym å skriva inn namn og adresse når du betalar.

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom. Vi set og stor pris på at mange utanbygdles abonnerar på bladet!

Lik Lom kyrkjekommune på facebook!
[facebook.com/lomkyrkjekommune](https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune)



Frist for innsending av stoff til neste
kyrkjeblad er 14. februar 2018!

Lomsklangen med vener:

Lomsklangen inviterer til førjulskonsert i kyrkja,
sundag 3. desember kl. 14:00 – 14:45.

Med seg på konserten har dei Lom og Skjåk brass og elevar frå Lom musikk- og kulturskule.

Gratis inngang!

Glimt frå tidlegare årgangar

Trygg er funnen kyrkjegrunnen.

Kyrkjegrunnen, det Kristus er.


(Grundtvig.)

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 10

DESEMBER 1954

13. årgang



* Vekk med julenissen! *

JULA OG SYMBOLA

Av sokneprest J. Ursin.

Det har i dei seinste åra vore dei som har hevja målet mot ymse «symbol» som ser ut for å vera dei einaste som sume mennesker kan binda saman med den store julehøgtida. Vi tenkjer på julenissen i dei ymse utgåvene med graut, i dans eller med grisen. Desse teikningane har då vore å sjå til den største leida og i det endelause på prospektkort, julehefte og slikt.

Vel er det så at i eit julehefte som i kjkje skal ha det slag med det heilage juleboden å gjera (vi har då nokre slike), der er ikkje anna ventande. Men korleis ellers? Kva slag prospektkort sender vi kvar jul til skyldfolk og vene?

Hermed er ikkje sagt at vi alltid og absolutt skal senda biletet av barnet i krubba, hyrdingane på Betlehemsheida eller av vismennene frå Austlanda. Men — julenissen og heile greida hans burde vi no snart vera ferdige med.

Det kan vera mangt som kan symbolisera julehøgtida. Vi kan tenkja på biletet av folk på veg til kyrkja som er lyst opp. Eller ringjaren som skal kima i tårnet, eller altaret som er pryda. Eg trur slike biletet ofte har kunna tala sterkt og vekkja mange og kjære minne, såleis som eg røynde det mange gonger mellom sjøfolk, då eg var sjømannsprest.

Men til dei rettelege julesymbola reknar vi enno meir julestjerna, julekornbandet, klok-

ker, julerosa. Alt har det eitkvart å fortelja.

Aller mest har likevel sjølv juletre et vore eit sinnbilete for jula. Ikkje berre av di vi ikkje kan tenkja oss jul utan juletre. Men dette grøne treet talar kan henda meir enn noko anna om det heilage bodet som jula kjem til oss med. Er ikkje yterpunktet på juletreet ei stjerna i toppen og ein kross til fot? Og såleis dei same som i Jesu liv på jord, Betlehemstjerna og Golgatakrossen? Krossen er det som ber alt ihop. Den er fundamentet. Det er då òg ved krossen at vi finn gåvane våre.

Det er dessutan vanleg i juletreet å sjå eit sinnbilete på det nye livstreet, Kristus (Luk. 23, 32). I ringen kring treet er det heller ingen rang, men vi er alle like, såleis som vi òg er det andsynes Herren.

Greinene på treet ber ljosa, og dei er biletet på dei truande. Dei mang-lita kulene og korgene med frukt er fruktene av trua osb.

Såleis har den truande hugen nedigjennom åra kunna setja i hop ei heil lita julepreik, berre ein brukte augo sine og skyna symboltala.

Berre då vi kunne sjå mange av desse sanningane i år, og då aller mest:

Guds store nåde i Jesus Kristus!



GUDSTENESTEPLAN

Sundag 03.12. 1. sundag i adventstida
LOM KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse med barnedåp.
Utdeling av adventskalender til 3-åringane.
Offer til Kirkens Bymisjon.
Fakkeltog på Bergje etter messa. Julegrantenning.

Sundag 03.12. 1. sundag i adventstida.
GARMO KYRKJE kl. 18:00. Ljosmesse. Utdeling av
adventskalender til 3-åringane.
Offer til Kirkens Bymisjon.

Sundag 10.12. 2. sundag i adventstida.
BØVERDAL KYRKJE kl. 18:00. Ljosmesse. Utdeling av
adventskalender til 3-åringane.
Offer til Kirkens Bymisjon.

Måndag 18.12.
LOM KYRKJE kl. 09:10. Skulegudsteneste.

Sundag 24.12.
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Jul aftansandakt.

Sundag 24.12.
LOM KYRKJE kl. 15:00. familiegudsteneste.
Offer til Frelsesarmeens.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på heimesida vår: <http://www.lom.kommune.no/kirkja.136853.nn.html> eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Trusopplæringa framover:

I desember vert 3-åringane inviterte til Lom, Garmo eller Bøverdal kyrkje, for å få ein adventskalender frå oss i kyrkja.

Sundag 3. desember i

- Lom kl. 15:00
- Garmo kl. 18:00

Sundag 10. desember i Bøverdalen kl. 18:00

Helga 9.-11. februar skal konfirmantane til Håkonshall på Lillehammer på konfirmantleir, saman med 1000 andre konfirmantar. Ei spennande helg med mykje aktivitet! Messa sundag blir «streama» på nettet.

Ynskjer du å vere friviljug på trusopplæringstiltak, kyrkjevert eller tekstlesar ved gudstenestene våre?
Då vil vi gjerne høre frå deg! Ta kontakt med oss på telefon: 481 65 527 / 481 65 528

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen.

Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

Måndag 25.12.
Bøverdal kyrkje kl. 11:00. Juledag.
Offer til Frelsesarmeens.
Garmo kyrkje kl. 14:00. Juledag. Offer til Frelsesarmeens.

Sundag 31.12.
LOM KYRKJE kl. 23:00. Nyttårsmesse. Offer til eige arbeid.

Sundag 14.01
LOM KYRKJE kl. 11:00. Innviing av det nye kyrkjelydshuset.

Onsdag 17.01
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

Sundag 28.01.
SKOGHEIM KAFE kl. 11:00.
BOOMERSTUGU i Bøverdalen kl. 14:00.

Onsdag 14.02
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

Sundag 25.02.
LOM KYRKJE kl. 11:00
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00

Hausstattakmesse i Lomskyrkja

Sundag 22. oktober var det hausstattakmesse i Lomskyrkja. Dit kom det 21 spente 4-åringar som ynskte å ta i mot 4-års boka som Lom kyrkjelege råd deler ut kvart år.

Nokre hadde teke med seg fine teikningar av blomane dei hadde sådd på plantedugnaden i vår, andre hadde med seg grønsaker dei hadde sådd. Neste år lyt vi få hengt opp teikningane på eit vis, slik at alle får sjå dei.

Mange store og små gjekk til nattverd denne dagen og fekk smake på den gode baksten til 5-åringane.

ATS - Dei Gode Hjelparane

Arbeidstreningsenteret

Lom og Skjåk

ATS - Dei Gode Hjelparane, Lom og Skjåk er lokalisert til Ånstad(Skjåkvegen 527) i Skjåk og med ei avdeling i Eggjalia i Lom. ATS vart i utgangspunktet etablert for å hjelpe dei eldre og uføre, dette har nå utvikla seg til ein serviceinstitusjon som i dag kan hjelpe alle - private, kommuner og næringslivet innafor dei kompetansefeltea som vi har opparbeidd oss - og opparbeider oss: Vi er i stadig utvikling!



Vi har eigen bruktbutikk på over 400 m², som har ope måndag til laurdag. I butikken har vi og ei eiga avd. med ADL-hjelpemiddel som er berekna for dei som har ein eller annan form for funksjonshemmning.

Vi har nå opna for at pensjonistar som ynskjer å vera aktiv, kan vera det med forskjellige tilrettelagte aktivitetar med oss!

ATS - Dei Gode Hjelparane

Lom og Skjåk

Besøksadr. Skjåkvegen 527
Magne Thorstad - leiar

920 22 825



ATS utfører mange forskjellige tenester:

- Hagearbeid
- Utkjøring av daglegvarer, til uføre, eldre og barnehagar
- Bortkjøring av ymse, (f.eks. anna søppel og hageavfall)
- Gravstell
- Oppsetting av gjerde
- Mindre og enklare vedlikehald
- Maling og beising
- Trefelling
- Vedproduksjon, sal av ved (gratis utkjøring til eldre/uføre)
- Snømåking og strøing
- Produksjon og salg av strø for is
- Utkjøring og innhenting av hjelpemiddel for kommunen
- Enkel reparasjon, og av hjelpemiddel
- Ut- og innbæring av hagemøblar



VIL DU VERA EIN AKTIVITETSVEN?

Lom demensforening treng fleire aktivitetsvener. Ein aktivitetsven er ein som kan bruke lite av fritida si i lag med ein person som har demens. Kanskje ein time i veka. Gå på besøk, ta ein biltur eller gå ein tur.

Er dette noko du kunne tenkt deg å prøvd? På nyåret vil det bli ein kurskveld der blant anna dei som er aktivitetsvener i dag vil dele sine erfaringar med oss.



Ta kontakt med Lom demensforening for ein prat.
Stine 997 76 172 eller Tove 482 90 691

Invitasjon til julekaffi

Pleie og omsorg inviterer tidlegare kollegaer som er pensjonistar og kollegaer som er i sjukefråver til julekaffi på storstugu, Lom helseheim,

fredag 15. desember kl. 12-13.30.

Det blir servert kaffi og marsipankake! Vi informerer stutt om endringsprosessen vi er inne i.

Velkommen til ei triveleg førjulsstund!

Helsing tilsette i pleie og omsorg i Lom



Kvardagsrehabilitering i Lom!

Kva er kvardagsrehabilitering?

Kvardagsrehabilitering er eit tilbod om intensiv kvardagstrening, tilrettelegging og støtte til meistring av daglege aktivitetar for heimebuande som har hatt eit fall i funksjon. Det overordna målet er å styrke brukaren i staden for å tilby kompenserande og passiviserande tiltak. Tilboden er gratis.

Eit tilbod til deg som

- Bur heime
- Har hatt eit brått eller gradvis funksjonsfall
- Strevar med å meistre ein kvardagsaktivitet
- Tar instruksjon og er interessert i å gjennomføre trening i eigen heim og nærmiljø

Dine mål i sentrum

Dersom kvardagsrehabilitering vurderast som hensiktsmessig får du innvilga ei rehabiliteringsperiode på seks veker. Saman med deg utarbeidast det mål for kva du syns er viktig å meistre i din kvardag.

Trening i heim og nærmiljø

Du får besök av ein heimetrenar på vekedagar som hjelper deg med å trenere mot dine mål. Du vil også bli oppmuntra til eigenaktivitet.

BASAR

i Utgard

Sundag
28. jan.
frå kl. 16.30



Utlodning og trekning av ca. 50 gevinstar.
Lomsmeisterskap i MarioKart!
Fisking, lykkehjul, pilkast og kafé.
Premiering av fjellskopostar.
VEL MØTT!

Helsing Lom IL



Korleis søker om kvardagsrehabilitering?

Fyll ut behovsmeldingsskjema som du finn på Lom kommune sine nettsider. Skjemaet sendast til tildelingskontoret for Lom og Skjåk, Moavegen 30, 2690 Skjåk eller leverast til heimesjukepleia.

Behovet kan meldast av:

- Deg sjølv eller pårørande
- Fastlege
- Heimesjukepleia
- Ergoterapeut
- Fysioterapeut

Kontaktinformasjon

- Heimesjukepleia 975 06 860
- Ergoterapeut 911 63 718
- Koordinator 948 13 046 (tilgjengeleg tysdagar)
- Tildelingskontoret 905 62 291

Nytt velferdsteknologitilbod i pleie- og omsorgstenesta i Lom:

Evondos medisineringsteneste

Evondos E300 medisineringsrobot er den mest avanserte og sikre medisindispensaren på marknaden. Evondos dispenser nyttar multidoserullar. Dette er rullar med små medisinposar som er maskinelt fyllt av apoteket etter føreskriving frå lege.

Målet med den nye velferdsteknologitenesta er å overlate tidkrevjande rutineoppgåver til ein automatisk medisindispenser slik at tenestemottakar får rett medisin til rett tid og at pleiepersonalet får frigjort tid til tenestemottakarar med store behov. Pleiepersonalet kan fordele besøka jamt utover dagen og oppleve auka kvalitet i kvart besøk. Ein unngår arbeidstoppar. Evondos automatiske medisindispensar tilbyr ein ny og tryggare måte å administrere medisinar på og gir helsepersonell betre oversikt og kontroll.

Evondos medisindispenser

Dispenseren vert plassert heime hjå tenestemottakar og om lag anna kvar veke fyller kvalifisert helsepersonell dispenseren med multidoserullar som inneholdt føreskreve medisin. Evondos medisindispenser tek seg av resten! Den varsler tenestemottakar når det er tid for å ta medisin og deler ut riktig medisinpose når tenestemottakar trykker på ein opplyst knapp på dispenseren.



Evondos fjernpleiesystem

Alt skjer automatisk! Dersom eit problem oppstår heime hjå tenestemottakar, til dømes at medisinen vert gløymt eller at straumen går, vert det sendt varsel til heimesjukepleia. I fjernpleiesystemet, har heimesjukepleia oversikt over medisinetterleving. Heimesjukepleia har høve til å sende meldingar og påminningar frå fjernpleiesystemet direkte til tenestemottakar via dispenseren.

Dette kan til dømes vera påminningar om å ta medisinar som ikkje vert levert ut via dispenseren, kosttilskot, øvingar, eller tidspunkt for legetimar eller dagsenter.

Påørande

Påørande kan i samråd med heimesjukepleia få tilgang til å logge seg på fjernpleiesystemet og følgje med på medisineringa. Fjernpleiesystemet eliminerer utsikkerheit og gjev tryggleik for alle. Påørande kan også gjevest moglegheit til å sende meldingar til tenestemottakar gjennom fjernpleiesystemet.

Kven kan få tenesta

Medisindispenseren er utvikla for dei aller fleste som nyttar medisinar regelbunde, men det vil alltid vera ein skildpersonar den ikkje passar for. For å få denne tenesta, må det ligge ein søknad om pleie og omsorgstenester til grunn. Søknadsskjema må sendast til Tildelingskontoret for Lom og Skjåk. Tildeling skjer etter individuell kartlegging. Det blir fatta einskildvedtak. Pleie og omsorgstenesta disponerer 10 multidosedispensarar gjennom leasingavtale med Evondos. Det er pr. i dag ikkje høve til å kjøpe desse.

Lom helseheim i desember:

Det blir **julebord for bebuarar og påørande** tysdag 12. desember kl 17.00.
Minner om påmelding til kjøkkenet innan 4. desember på telefon 907 20 183.

Julekonsert på Storstugu onsdag 13. desember kl 13.00 med Jorun Irene Erdal

Julekaffi på Storstugu 15. desember kl. 12.00(sjå eiga annonse på neste side)

Julekonsert med Julstemmer som er eit femkløver beståande av Annar By, Camilla Granlien, Margrete Nordmoen, Solbjørg Tveiten og Frode Berntzen på Storstugu 20. desember kl 13.00


På dagane med julekonsert er det og "onsdagsaktivitetene" som startar kl 11.00, med kaffeservering og bingo.

Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 4 2017



Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00



Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
www.lom.kommune.no